STiV
STUDENTTINGET I VOLDA

# INNKALLING TIL STUDENTTINGSMØTE

3/17-18

Onsdag 29. november 2017
Hotell Sagafjord
Kl 14.00-21.00

# Studenttingsmøter 2017-18

Sakspapir nr 3/17-18

Møtedato 29.11.17

**Program for dagen**

14.00 Lunsj og velkommen
14.45 Forventningar til året i Studenttinget v/ Guro Kvist. Gruppearbeid.
16.00 Studenttingsmøte, herunder:

17.00-19.00 Arbeid med revidering av vedtektene til STiV

19.30 Middag
21.00 Felles avreise Volda

# Studenttingsmøte 29.11.17


Sak 00 – 17/18: Opprop og val av møteleiing ..... 3

Sak 22 – 17/18: Godkjenning av innkalling og saksliste ..... 4

Sak 23 – 17/18: Godkjenning av referat ..... 5

Sak 24 – 17/18: Orienteringar ..... 6

Sak 25 – 17/18: Suppleringsval til Studenttinget 17/18 ..... 7

Sak 26 – 17/18: Investeringsmidlar 2018 ..... 8

Sak 27 – 17/18: Temaveke «psykisk helse» februar 2018 ..... 11

Sak 28 – 17/18: Revidering av vedtektene til STiV ..... 12

Sak 29 – 17/18: Eventuelt ..... 13

Møtekritikk ..... 14

Oversikt over vedlegg ..... 15

Studenttingsmøter 2017-18

Sakspapir nr 3/17-18

Møtedato 29.11.17

## Sak 00 – 17/18: Opprop og val av møteleiing

Type sak: Vedtakssak

Sakshandsamar: Håvard Bjørnerem

---

**Namneopprop**

STiV får oversikt over deltakarar på møtet og fastslår om Studenttinget er vedtaksdyktig.

**Val av møteleiing**

**Forslag til vedtak:** Tonje Nordrum vert vald til ordstyrar.

# Studenttingsmøter 2017-18

Sakspapir nr 3/17-18

Møtedato 29.11.17

## Sak 22 – 17/18: Godkjenning av innkalling og saksliste

Type sak: Vedtakssak

Sakshandsamar: Ordstyrar

---

**Godkjenning av møteinnkalling og saksliste**

Eventuelle innvendingar eller endringar til sakslista, samt eventuelt-saker vert meldt inn her.

**Forslag til vedtak:** Studenttinget godkjenner møteinnkalling og saksliste, med fylgjande forslag til dagsorden:

| | **Dagsorden for studenttingmøte 29.11.17** | |
|---|---|---|
| 16.00 | Sak 00 – Opprop og val av møteleiing | Vedtakssak |
| | Sak 22 – Godkjenning av innkalling og dagsorden | Vedtakssak |
| | Sak 23 – Godkjenning av referat | Vedtakssak |
| 16.10 | Sak 24 – Orienteringar | Orienteringssak |
| 16.25 | Sak 25 – Suppleringsval til Studenttinget 17/18 | Vedtakssak |
| 16.35 | Sak 26 – Investeringsmidlar 2018 | Vedtakssak |
| 16.45 | Sak 27 – Temaveke «psykisk helse» februar 2018 | Diskusjonssak |
| 17.00 | Sak 28 – Revidering av vedtektene til STiV | Diskusjonssak |
| 19.00 | Sak 29 – Eventuelt | - |
| 19.15 | Møtekritikk | - |
| 19.30 | Møteslutt | |

# Studenttingsmøter 2017-18

Sakspapir nr 3/17-18

Møtedato 29.11.17

## Sak 23 – 17/18: Godkjenning av referat

Type sak: Vedtakssak

Sakshandsamar: Ordstyrar

---

Vedlegg nr 1. Referat frå studenttingsmøte 01. november 2017

**Forslag til vedtak:**

Studenttinget godkjenner referatet frå sist studenttingsmøte, 01. november 2017.

# Studenttingsmøter 2017-18

Sakspapir nr 3/17-18

Møtedato 29.11.17

## Sak 24 – 17/18: Orienteringar

Type sak: Orienteringssak

Sakshandsamar: Håvard Bjørnerem

---

Arbeidsutvalet v/ Leiar Håvard Bjørnerem vil orientere om fylgjande:

- Møte med studentrådet
- NSO Leiarsamling 17.-19.nov.
- Nytt faddervekestyre
- Sei ifrå-knappen

Evt. andre orienteringar

STiV
STUDENTTINGET I VOLDA

## Sak 25 – 17/18: Suppleringsval til Studenttinget 17/18

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Simen Langeland

---

Nokre representantar i Studenttinget reiser på utveksling eller har lengre praksisopphald våren 2018, som skaper behov for suppleringsval. Når faste representantar i Studenttinget må trekkje seg frå vervet, rykkjer varaer opp, og vi supplerer varalista.

**Fylgjande representantar har søkt om fritak frå verva sine i Studenttinget våren 2018:**

Bernt Inge Berge (H2 AMF) – søkt fritak i perioden februar-mars 2018 grunna praksis
Thea Müller (V2 AMF) – søkt fritak i perioden februar-april 2018 grunna praksis
Hanna Hauan (H3 FR) – søkt fritak V2018 grunna utveksling

**Forslag til vedtak:**

Bernt Inge Berge, Thea Müller og Hanna Hauan får innvilga fritak frå verva sine i Studenttinget i omsøkt periode.

Studenttinget supplerer Studenttinget på fylgjande måte:

| **AMF - Avdeling for mediefag** | | |
|---|---|---|
| H1 | Marion Kristine Gustavsen | |
| ~~H2~~ | ~~Bernt Inge Berge~~ | Fritak februar-mars 2018 grunna praksis |
| V1 | Tormod Malvin Sæther | Rykkjer opp som ny H2 februar-mars 2018 |
| ~~V2~~ | ~~Thea Müller~~ | Fritak februar-april grunna praksis |
| | Vilde Berge Felde | Føreslått som ny V1 fom. Februar, V2 april |
| | Simone Kofold Nørgård | Føreslått ny V2 fom. Februar, V3 april |

| **FR – Frie representantar** | | |
|---|---|---|
| H1 | Allan Levi Melby | |
| H2 | Natalie Beitveit | |
| ~~H3~~ | ~~Hanna Hauan~~ | Fritak V2018 grunna utveksling |
| V1 | Ane Buner | Rykkjer opp som ny H3 |
| V2 | Bettina Indgjerd | Føreslått som ny V1 |
| V3 | Trygve Taranger | Føreslått som ny V2 |
| | Nikolai Bjørnevik Flisnes | Føreslått som ny V3 |

STiV
STUDENTTINGET I VOLDA

# Sak 26 – 17/18: Investeringsmidlar 2018

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Håvard Bjørnerem

---

Kvart år vert ein prosentvis sats av basisløyvingane til Høgskulen sett av til investeringar/utstyr. Alle avdelingar, samt STiV får høve til å kome med sine innspel på kva midlane bør gå til. For 2018 utgjer dette 6 % av basisløyvinga, som tilsvarer ca 11 mill kr.

Arbeidsutvalet ynskjer at Studenttinget diskuterer seg fram til ei prioritert liste med forslag til kva midlane skal brukast til. Eksempelvis vedtok Studenttinget i fjor fylgjande prioriterte tiltak: : 1. vasstasjonar 2. trivselsrom 3. smartboard 4. møblement 5. antibac

**Forslag til vedtak:** Studenttinget vedtek prioriteringane som vert gjort.

Sjå også brev frå Høgskuledirektøren om investeringsmidlar 2018, som fylgjer på side 9-10.

# Studenttingsmøter 2017-18

Sakspapir nr 3/17-18

Møtedato 29.11.17

**Til:**

**Studenttinget i Volda**

**Referanse:** 17/01096-3 **Dato:** 20.11.2017

## Investeringsmidlar 2018

I 2018 er det rekna med at om lag 6% av basisløyvinga skal settast av til investeringar/utstyr. Det utgjer om lag 11 mill. kroner. Endeleg sum til fordeling vil først vere klar etter styremøtet i desember.

Framlegg til investeringar for 2018 og dei to neste åra skal sendast til underteikna innan 30. november 2017. Framlegga må prioriterast på ei liste. Alle avdelingane, funksjonsansvarlege på fellesnivået og Læringsmiljøutvalet vert bedne om å kome med framlegg.

Infrastrukturkostnader HVO som nemnt under skal gå gjennom IT og drift og behov må meldast til desse kontora.

- utstyr standard undervisningsrom (møblar, AV-utstyr, datautstyr)
- standard PC-ar til studentar
- standard PC-ar til tilsette
- standard kontorinnredning
- felles møterom inkl AV-utstyr
- møblering av fellesareal elles
- bygningsmessige ombyggingar og investeringar utanom spesialrom
- infrastruktur nettverk inkl risikoforebygging mm
- adgangskontroll / tryggleikstiltak
- universell utforming

Alle som får midlar til investeringar har ansvar for at midlane er nytta i samsvar med lov om offentleg kjøp og premissar for tildelinga elles. Rapport om bruk skal sendast økonomikontoret innan 1. november 2018. Vedlagte mal skal nyttast.

Investeringsmidlane skal gå til investeringar etter rekneskapslova. Det betyr at anleggsmiddelet skal ha ein innkjøpskostnad på minimum kr 30 000 kvar og ei levetid på minimum 3 år. Kjøp av anleggsmidlar med lågare pris eller kortare levetid er ikkje definerte som investeringar og skal kostnadsførast.  Unntaket er PC'ar som vert poolregistrerte. Sjå elles informasjon på Innsida/økonomiportalen.

Med helsing

Leiinga

Direktør

**Vedlegg – mal for investeringsrapport innført i 2016**

## Investeringsrapport

_______________ fekk totalt kr. _____________ i investeringsmidlar i 201X. Desse var fordelt som følgjer:

| Investering | Tildelt | Brukt | Rest |
|---|---|---|---|
| | | | 0 |
| | | | 0 |
| | | | 0 |
| | | | 0 |
| | | | 0 |
| | | | 0 |
| | | | 0 |
| | | | 0 |
| **Totalt** | **0** | **0** | **0** |

Årsaka til at vi ikkje har klart å realisere alle tildelte midlar er:

*

Investeringane XX, YY og ZZ vil bli realisert i 201X.

Eg stadfestar at investeringspostane er realisert og utført i samsvar med LOA og FOA (Lov og forskrift om offentlege innkjøp).

____________ _________________ ______________________

Dato Stad Signatur

# Studenttingsmøter 2017-18

Sakspapir nr 3/17-18

Møtedato 29.11.17

## Sak 27 – 17/18: Temaveke «psykisk helse» februar 2018

Type sak: Diskusjonssak

Sakshandsamar: Guro Kvist

---

Etter ynskje frå studentar har STiV v/velferdsansvarleg og SiVolda søkt Helsedirektoratet om midlar til å gjennomføre ei psykisk helse-veke til våren. Vi har fått innvilga støtte på kr 200 000, i tillegg til at SiVolda sjølv bidreg med 100 000 kr. Arrangementet/a må kome alle studentar ved HVO til gode, og belyse psykisk helse.

Det er sett ned ei arbeidsgruppe for planlegging og bruk av midlane, men vi er avhengige av innspel. Vi lurer på:

- Innspel til aktivitetar eller gjestar
- STiV må vurdere å setje ned ei eiga arbeidsgruppe, som arbeider tett med den eksisterande arbeidsgruppa

**Det vert ikkje gjort vedtak i diskusjonssaker**

Studenttingsmøter 2017-18

Sakspapir nr 3/17-18

Møtedato 29.11.17

## Sak 28 – 17/18: Revidering av vedtektene til STiV

| | |
|---|---|
| Type sak: | Diskusjonssak |
| Sakshandsamar: | Oda Skoglund og Guro Kvist |

---

Arbeidsgruppa for vedtektsendringar arbeider med å gå igjennom vedtektene og kome med framlegg til endringar. Studenttinget har fått invitasjon til å sende inn endringsforslag via google docs-skjema, med frist 31. desember 2018.

I dette møtet blir det ingen vedtak, men orientering, arbeid og diskusjon av vedtektene, med moglegheiter til å kome med innspel og endringsforslag. Vidare blir prosessen slik at arbeidsgruppa bearbeider innkomne innspel og utarbeider ei innstilling til nye vedtekter. Innstillinga vert lagt fram for Studenttinget som vedtakssak på møtet den 31. januar.

Vedlegg nr. 2. Gjeldande vedtekter for Studenttinget i Volda

**Det vert ikkje gjort vedtak i diskusjonssaker**

Studenttingsmøter 2017-18

Sakspapir nr 3/17-18

Møtedato 29.11.17

STiV STUDENTTINGET I VOLDA

## Sak 29 – 17/18: Eventuelt

| | |
|---|---|
| Type sak: | Diskusjons/orienteringssak |
| Sakshandsamar: | Håvard Bjørnerem |

---

# Studenttingsmøter 2017-18

Sakspapir nr 3/17-18

Møtedato 29.11.17

## Møtekritikk

Type sak: Unnateke journalføring

Sakshandsamar: Håvard Bjørnerem

---

Etter formell møteslutt, tek vi ei runde der Studenttinget kan kome med konstruktiv kritikk og tilbakemeldingar til AU når det gjeld korleis møta blir lagt opp, sakspapir, agenda og gjennomføring av møta. Slik blir møta betre, og AU og Studenttinget har heile tida dialog om korleis ein ynskjer møta.

# Studenttingsmøter 2017-18

Sakspapir nr 3/17-18

Møtedato 29.11.17

## Oversikt over vedlegg

Sak 23 – 17/18: Vedlegg 1 – Referat frå studenttingsmøte 1. novemer 2017

Sak 28 – 17/18  Vedlegg 2 – Gjeldande vedtekter for Studenttinget i Volda

Vedlegga ligg ved som separate dokument.